



Møtereferat - planforum 20.11.2019

Stad: Videomøte – Møterom

Referent: Alette Hus Kråkenes

Kl. 09.00 - Varsel om planoppstart detaljregulering fv.614 Indrehus–Svelgen

Til stades

Torbjørn Hasund (FK plan), Alette Hus Kråkenes (FK plan), Otto Eikeset (SVV), Eli Mundhjeld (SVV), Heidi Sandvik (FM), Jon Anton Gladsø (FM miljø), Toralf Otnes (NVE), Inger Hilde (Bremanger kommune), Åsne Helleve (SVV).

Det vart opplyst om at det vil verte skriving eit notat, med hovudpunkt og oppfølging, men at den enkelte sjølv måtte ta ansvar for detaljar.

Problemstilling

- 1. For massedeponiet i Myklebustdalen ønskjer vi attendemelding frå Fylkesmannen om dei vil krevje konsekvensutgreiing for ikkje- prissette tema, og kva tema som må utgreiast.**
- 2. For Djupevikelva er dette oppe til vurdering å nytte ein enklare konstruksjon enn bru (kulvert, røyr) for kryssing av denne. Dette vil medføre inngrep i sjølv elva i form av plastring og tilordning av innløp, utløp. Fylkesmannen sine tankar kring eit slikt inngrep.**
- 3. På Rise er det eit eldre gardstun som tidlegare har hatt vernestatus. Kva tankar har fylkesmannen og fylkeskommunen om denne statusen. Er det ok om ein går inn for å sanere dette tunet slik eigar (Bremanger kommune) og Statens vegvesen har ytra tankar om.**
- 4. I tillegg ønskjer vi attendemelding på geografisk endring av planområde utover vedteken kommunedelplan. Planforslaget som vi skal ha ein gjennomgang av på planforumet ligg dog innanfor planprogrammet si arealavgrensing.**
- 5. Det vil sikkert dukke opp andre tema som vi kjem til å drøfte på planforumet i tillegg.**

Otto Eikeset forklarte tiltaket og viste området gjennom modell i AutoCad. Sjølve diskusjonen er forsøkt rydda etter tema.

Om tiltaket

Otto Eikeset: Innspart tid med utbygging av tunnel og utbetring av veg vil vere omtrent 12-13 minuttar. Dersom dei andre tiltaka vert gjeldande så er det ÅDT 1000- 1500 som er beregna fram mot 2045.

Ikkje gjort nye effektberegningar i detaljreguleringen.

Målsetting: Vedtak før sommarferien. Jobbar for å få ein vedteken reguleringsplan uansett om ikkje ein får finansiering på plass. Kva som vil skje med framdrifta er noko usikkert grunna regionreform.

I tidlegfasa av prosjektet vert det utarbeida ein priskalkyle for veganlegg der ein estimerte utbygginga til ein stad mellom 1- 1,4 milliarder. Kostnadsanslaget som har ligge til grunn har vore for lavt. Om det vert snakk om kutting av kostnadar vil ein eventuelt vurdere å kutte armen oppforbi Svelgen, eller korte ned vegstrekninga på Indrehus.

Renseanlegg på begge sider av tunellen treng plass. På Indrehus- sida skal det leggest på nedkanten av tunellinnløpet. Ved Rise skal det leggest nær krysset. Ynskjeleg med eit mest mogleg lukka system med tanke på vedlikehald. Teknisk rom vil vere i tunellen. Radiobygg vil kome på utsida men elles i tunnel.

Ein utfordring med tunellen ved Budalen der det er ei stor myr og liten overdekning til tunnelen. Her vil det bli brukt injeksjon og forsiktig sprengning for å unngå innlekkasje.

Massehandtering

Otto Eikeset: Totalt er det snakk om eit uttak av 500 000 kubikkmeter faste massar. I Svelgen har SVV vore i dialog med ein utbyggjar som kan vere interessert i massane. Det er og interessenter som allereie tek ut massar i dag og fraktar til Holland osv.. Det er same devonske sandstein. Bremanger – Dyrstad. Nyttast som tilslag til asfalt.

Også vore i dialog med grunneigarane på Rise der det er snakk om å deponere massar på deira jorde for at dei på sikt skal få betre tilhøve. Kan vere med å heve terrenget slik at tilhøva for avrenninga frå markene vert betra. Grunneigar har ynskja meir lettstelte areal og ser på dette som ein moglegheit.

Myklebustdalen

Det er parallelt laga ein plan for massehandtering i Myklebustdalen, dersom SVV ikkje finn andre moglegheiter for å handtere massane. Det vert snakka om korleis eit deponi her vil verke inn på området og vegetasjonen.

Otto: Ikkje sjanse til å få tilbake vegetasjon etter deponering for det er veldig skrint med vegetasjon der i dag. Men ein vil legge på det ein klarer.

Otto: Har tidlegare gått snøskred i Magnhildskaret. Kan ikkje stå og jobbe der om ein ikkje har kontroll på området. Det vil vere ein permanent effekt ved å få området sikra for fremtida ved å deponere stein der. Hindre fonna i å vakse ut på fremsida. Traktorvegen skal koplast inn i deponiet og opp igjen til tunnelen. Bekkane her vil verte handterte slik at dei ikkje renn gjennom deponiet og gir avrenning. Vil ha god kontroll på området når det settjast i gang.

Naturmangfald

Eli Mundhjeld: Fossegrimemose ved Rise viktig. Motsegn til kommunedelplan var snakka om men så kom ein fram til ei løysing der ein kartla områder som unngår desse ved utbygging. Hole eiker og ved tunet på Rise.

Heidi: Det må sikrast at det ikkje skal rassikrast eller gjerast tiltak i ettertid som kan påverke Fossegrimemose. Det er viktig å avklare.

Otto: Trengs ikkje rassikring for gardsvegane. Den tidlegare KDP ville gått meir inn på dette området- då var det rasfare. Då hadde ein måtta fylle mykje meir ut i Risevatnet. Ville fått ei lengre bru ved å krysse i Rise enn det dagens forslag gir.

Eli: Grunneigaren på Rise seier ho har sett fisk i elva som går forbi gardane. Her er det ikkje gjort kartleggingar.

Eli: Djupevikelva- Marginal. Grovt materiale. Låg vassføring. Trur ikkje det vil vere noko særleg fisk her. Usikker på om det er sikker vassføring.

Jon Anton: Har hatt NVE inne. Djupevikelva er det gjort beregningar for 200 års flaum. Har utarbeidd rapport for dei elvane som kryssast.

Eli: Parkslirekne ved Djupevikelva- svartelista. Indrehus- deltaet. Ålegras.

Med nytt forslag kryssar ein elva i det smalaste partiet ved indrehus. Dette er betre enn løysinga som var for kommunedelplanen. Må ned med søyler på land for å etabelere brukonstruksjonen her. 90 meter bru. Minst mogeleg inngrep har dei satsa på.

Jon Anton: Gjekk eit ras i Riseelva på 2000 talet. Det hindra sansynlegvis laksen men ørreten kan framleis passere. Ingen entreprenøra ville inni her for det var fare for at det ville rase ut meir. Dette bør ein vere obs på når ein skal inn.

Gardstun på Rise

Åsne: Har dialog med Berit Gjerland frå kulturavdelinga hjå Fylkeskommunen. Meldt registreringar på Rise. Tunet er Sefrak-registrert, frå slutten av 1800 talet. Kledd med huntonitt, men tørt og i god stand under kledning. Var skilt ut frå hovudtunet på Rise. I 1917 flytta dei hovudhuset. Lå tidlegare inne som bevaringsverdig men denne statusen ligg ikkje lengre inne i Askeladden.

Breivika eigedom- vassledning som går tilbake til Risevatnet. Har ført til inngrep på marka slik det er i dag.

Konsekvensutreiing

Heidi: Myklebustdalen var allereie utreda i planprogrammet. §8 Ku forskriften. Med kubikk over 500 000 slår kravet om vurdering av KU inn. Kan vere ein fordel å utrede ulike alternativ. Sjå på særleg det med vassdrag og friluftsliv langs vassdrag. Skal ta hensyn til anadrom laks uansett om ein skal konsekvensutreiie eller ikkje. Fordel om ein kan nytte masse til nyttige formål. Bør vere tilhøve som allereie er planlagt og ikkje at det kjem inn forslag til nye tiltak grunna massane.

Sideareal som ofte takast med i reguleringsplan. Om den gamle ikkje har gjort vurderingar må det gjerast nye vurderingar. Risiko med å ta inn andre areal.

Toralf: Er det gjort skredfarevurdering for veggen?

Otto: Det er utarbeidda geologisk rapport for strekninga. Det takast med i rapporten.

Toralf: alle inngrep i vassdrag må vurderast etter vassforskrifta. Ku eller ikkje så må ein gjere eit tydeleg plandokument på kva konsekvensar det får for vassdrag. Kva almenne interessar finnst og korleis vil det påverkast av tiltaket. Settefiskanlegget skal ta vatten frå risevatnet. Totalbelastning i fjorden? Drift og vasking av tunell kan vere problemet. To vidt forskjellige belastningar.

Krysset ved indrehus- Store arealinngrep. Må passe på at det vert vurdert tiltak så nært sjø.

Otto: Fylling på Klubben området- konsekvensar for matjorda. I dag er det satt opp ein rigg som allereie har øydelagt moglegheit for drift på dette arealet.

Kulvert I Djupevikelva

Inngrep i elva vanskeleg å unngå. Men det skal ikkje lagast hindring for fisken. Antakeleg går det berre fisk opp når det er stor vassføring.

Inger Hilde: Kan folk og dyr gå gjennom kulverten?

Otto: Ja det vil gjerast slik at det ikkje berre vil gå vatn gjennom. Flat botn på kulvert prefabrikert. Må plastrast og sikrast.

Hjorten vil ikkje bli hindra frå å vandre mot sjøen. Han vil kunne passere over dei korte tunnelane. Hjortegjerder vil bli vurdert.